

Sak 35-21 Tilsettingsprosess ny dagleg leiar

Tilråding til vedtak

Styret drøfta saka, og vart samde om vidare prosess.

Saksutgreiing

Dagleg leiar fyller 65 år i haust, og ser det slik at vi no bør diskutere opent om bytte av dagleg leiar.

Tilsettingsprosessar av dagleg leiar tek tid. Mitt inntrykk er at det er vanleg med 8-10 månader rekna bakover i tid frå når ein ny skal vere på plass, til at ein seinast kan starte prosessen.

Byte av dagleg leiar bør planleggast av begge partar så langt som råd for å unngå leiarvakum, og slik eg ser det bør ein unngå konstituering dersom ein kan.

Det mest vanlege i dag er å nytte firma som hjelper til å plukke personar til slike stillingar i alle fall i grovsilinga. Fordelen med bruk av firma er at dette er fag, dei har ulike fagverktøy og dei har ofte ei viss oversikt over aktuelle kandidatar. Bruk av rådgjevar må ut på konkurranse.

Dersom styret sjølv vil køyre prosessen, går det og bra, men ein må vere budd på ein god del arbeid. Dette må styret ta stilling til og avgjere utan at eg skal gi noko særskilt råd om det.

Å gå av før vi er ferdig med bygginga på Melsgjerdet 3, ser eg som uaktuelt. Bygget skal takast i bruk medio -ultimo juni 2022, og så vil der vere ei tid med innkøyring av det tekniske som ventilasjon, luktrensing, portar, styringar og kommunikasjon med hovedkontoret i Torvmyrane 29. Opphavleg overlevering var sett til medio september, men den er no skuva ut i tid grunna det endra Løyvet til statsforvaltar. Truleg vert overlevering medio / ultimo oktober. Den hos VØR som har førstehands kjennskap til konkurransegrunnlag og kontrakten, er dagleg leiar.

Underteikna meiner at den dagleg leiar som skal styre, og må legge fram for styret og stå ansvarleg for det budsjettet som skal styrast etter enten det er i 2023 eller 2024. Budsjettprosessen i VØR går vanlegvis i perioden juni til august, men kan dragast til september /oktober. Kommunane må få budsjettsaka frå representantskapet seinast tidleg i november som er siste frist for at gebyrforskrifta kan vedtakast med verknad frå 01 januar i det påfølgjande året.

Ulempa med budsjetthandsaming i representantskapet første veka i november og styret ein måned før, er at det politiske nivået med styre og representantskapet, får mindre tid til påverknad på strategi-økonomiplan og årsbudsjett. Budsjettet er tross alt styrets budsjett.

Ein må og ta med at den som legg fram budsjettet med fordel kjenner litt til drifta i forkant. Eg starta sjølv 1 juni og det synes eg er eit godt tidspunkt å starte på. RIR bytta sjef 1 august i fjor, og det er og eit godt tidspunkt. Å starte 1 september og så gå rett på budsjettarbeidet går nok også, men då må avtroppande gjere klart det aller meste på førehand.


Når det så kjem til tidspunkt for overgangen og overgangsperioden, så bør styret og dagleg leiar vere samde om det på førehand, slik eg ser det. Både RIR, SSR og Nomil som har skifta leiar siste åra, har bytta med overlapping. Hos RIR 3 månader. Hos SSR er avtroppande dagleg leiar frå no av i rådgjevarstilling, men der er situasjonen litt helsemessig spesiell. Hos Nomil var overlappinga 5 månader. Med andre ord, der finst ingen fasit.

I saka har eg nemnt nokre aktuelle tema, og der er sikkert fleire. Eg har i denne saka fokusert på avgang seinhausten 2022. Neste milepåle slik eg ser det er etter at årsmelding og rekneskap er levert representantskapet ultimo april 2023. Då med overlapping etter det.

Det er uansett viktig at styret startar prosessen med å diskutere ei sak som uansett må avgjerast i løpet av dei neste to åra. Og så skal eg vere på tilbodssida for å få overgangen så optimal for VØR som råd.

Petter Bjørdal

Dagleg leiar

A handwritten signature in blue ink, appearing to read 'Petter Bjørdal', written in a cursive style.